

ÅRSMØTE 2012
Litteraturhuset
9. mars 2013



VELKOMEN TIL ÅRSMØTE OG FØREDRAG

Stad: Skrivarstova til Noregs Mållag, Lilletorget 1

Tid: Laurdag 9. mars 2013, kl. 13.00.

Mediemållagets årsmøte

Innhald i heftet og sakliste for årsmøtet

side

Sak 1	Opning	
Sak 2	Konstituering	
Sak 3	Årsmelding 2012-2013	4
Sak 4	Rekneskap for 2012	8
Sak 5	Arbeidsprogram for 20123-2014	10
Sak 6	Budsjett for 2013-2014	11
Sak 7	Årspengar for 2014	11
Sak 8	Innkomne saker	11
Sak 9	Vedtekter	12
Sak 10	Val	13
	- leiar	
	- styremedlemmer og varamedlemmer	
	- landsmøtedelegatar	
	- revisor	
	- valnemnd	
	Vedlegg:	14
	Årsmøteprotokoll 2012	
	Mediemållagets vedtekter	

Organisasjonen

Styret og styrearbeidet

Styret for 2012-2013:

Berit Rekve, Folkeuniversitetet (leiar og økonomiansvarleg)

John Inge Vikan, Adresseavisen (nestleiar)

Torill Stavenes, student/NRK

Grunde Grimstad, Finansavisen (kasserar)

Margunn Sundfjord, NPK

Vara:

Ingeborg Volan, Gambit Knowlton Hill

Jan Fossen, Varingen

Christian Fr. Stabell, Os og Fusaposten

Styret har hatt to fysiske møte, fire telefonmøte og elles kommunikasjon på telefon, sms og e-post.

Medlemmer

Per 1.1.2013 viser førebelse tal at 120 betalte kontingent for 2012. Dette er det beste resultatet til no. Sjå også fig. 1 nedanfor.

Noregs Mållags medlemsregister fungerer slik at medlemmer som ikkje har betalt kontingent tre år eller meir på rad, vert strokne. I dei fleste tilfella ser det ut til at dette er ei form for passiv utmelding.

Mediemållaget har medlemmer over store deler landet, men ingen i Østfold, Nord-Trøndelag, Nordland og Finnmark. Om lag halvparten av medlemene bur i Oslo.

Samarbeid med andre

Noregs Mållag

Utover det vanlege samspelet med sentralleken i Noregs Mållag har vi de siste åra hatt eit utviklingssamarbeid i lag med dei andre

yrkesmållaga. Dette skjer i hovudsak i eit leiarforum.

Kringkastingsringen

Kringkastingsringen og Mediemållaget har fleire saker til felles. Mellom anna samarbeider vi om møta med leiinga i NRK. Kringkastingsringen inviterer leiaren for Mediemållaget til å delta på styremøta deira. Leiaren har dessutan fast spalte i bladet Kringom, medan dagleg leiar i Kringkastingsringen har spalte i Noregs Mållags medlemsavis Norsk Tidend.

Mållaget i Kristiansand

Mållaget i Kristiansand inviterte i januar 2008 styret i Mediemållaget til samarbeid om utvikling av eit stipend til journaliststudentar som vil skriva nynorsk. Vi har kome med strategiplan, statuttvurderingar, tatt initiativ til samarbeidet med Nynorsk Pressekontor/NTB og drive PR-arbeid for stipendet. John Inge Vikan deltek i juryen.

Representasjon

Berit Rekve er jurymedlem for Nynorsk næringslivspris. Ho er òg ein av Noregs Mållags representantar i Målpolitisk Råd ved Det Norske Teatret. Berit Rekve deltok som gjest under landsmøtet til Landslaget for lokalaviser i Kristiansand, april 2012.

Tilskipingar og andre aktivitetar

Årsmøtet vart halde i Litteraturhuset 4. mars.

Dei nynorske mediedagane i 2012 måtte diverre avlysast.

1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
86	80	73	75	69	69	71	62	62	65	67
2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
63	73	73	82	80	80	89	94	100	106	113
2012										
122										

Fig. 1 Medlemsutvikling, betalende, 1990-2012

Anna målpolitisk arbeide

Nynorsk redaktørpris

Nynorsk redaktørpris for 2012 går til redaktør Bjarne Tormodsgard i Hallingdølen. Prisen skal delast ut ved ei høveleg tilskiping i løpet av våren 2013.

Kommunikasjons- og mediearbeid

Nettsider og sosiale medium

Lagssida vår ligg under veven til Noregs Mållag og har adressa www.nm.no/lag/mediemallaget. Domenet www.mediedagane.no vert ruta til nettsidene. Sidene inneheld kommentarar og pressemeldingar for styret, ymse nyhendesaker frå målrørslø, fagfelte vi arbeider med, politikkområde som er interessante for oss og organisasjonsstoff.

Vi hadde tidlegare gruppe på Facebook, men etter at systemet vart endra, har vi no såkalla side. Den har per 10. februar 59 såkalla likarar.

På Twitter følgjer 272 @mediemallaget.

Medlemsbrev

Det er sendt ut e-medlemsbrev til dei medlemmene vi har e-postadresser til. Dei som ønskejr det, får dei på papir.

Fast spalte i Kringom

Leiaren har høve til å skriva ein spalte i bladet til Kringkastingsringen, Kringom.

Økonomi og administrasjon

Den einaste faste inntekta vi har, er lagsdelen av kontingenten til Noregs Mållag. For 2012 og er denne kr 70,- per medlem. Det seier seg sjølv at dette ikkje er nok til å drifta eit lag og styrearbeidet. I samband med Dei nynorske mediedagane søkte vi støtte hjå fleire instansar (sjå eiga omtale av Mediedagane. (Sjå elles eigne saker om rekneskap og budsjett.)

Laget er registrert i Brønnøysundregistra og Frivilligregistret. Det var ein føresetnad for å

bli knytta til Grasrotandelen. Der kan dei som spelar no bidra til inntektene våre. Vi har hatt kr 1 435,- i inntekt frå Grasrotandelen.

Deltek du i Norsk Tipings spel? No kan du stø Mediemallaget ved å velja laget til Grasrotandelen. Les meir om korleis du gjer det på grasrotandelen.no.

5% av innsatsen går til grasrotorganisering. Organisasjonsnummeret vårt er 994 726 196.

I 2012 fekk vi kr 1 537,15 frå Grasrotandelen (siste fire mnd. utbet. i 2013.) Det kostar 135,- å vera registrert i Frivilligregisteret.



FRAMLEGG TIL VEDTAK

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2012.

REKNESKAP 2012

	Rekneskap 2012	Note	Budsjett 2012	Note	Rekneskap 2011
Inntekter					
Medlemspengar	7 910,00		7 700,00		6 480,00
Tilskott/sponsorar			10 000,00		85 000,00
Mediedagane og refusjonar	5 520,00	1	5 000,00		4 400,00
Kurs			7 000,00		
Målgåver			200,00		
Renter	274,00		150,00		122,00
Anna	1 536,35		4 000,00		4 076,70
SUM	15 240,35		33 050,00		100 078,70
Utgifter					
Kontordrift	135,00				1 685,00
Årsmøte	3 225,00		1 000,00		4 625,00
Styredrift	2 228,00		4 000,00		4 331,00
Prisar og heider			10 000,00		1 695,00
Mediedagane			2 500,00		35 118,00
Medlemsutvikling			30 000,00		
Kurs			2 000,00		
Reise/deltaking	10 175,00	2	7 000,00		8 644,00
Anna			7 000,00		
Bankkostnader	37,00		0,00		55,50
SUM	15 800,00		100,00		56 153,50
			63 200,00		
RESULTAT	- 559,35				43 925,20
			-30 550,00		

Notar:

1 og 2 Landsmøte i Noregs Mållag og Landslaget for lokalaviser. Refusjon frå leiar kr. 3 000,- i samband med LLA-LM. Momsrefusjon.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2012.

JAMVEKT

	2012	2011	2010
Aktiva			
Kasse		0,00	0,00
Sparebanken Møre	71 692,56	72 117,21	28 192,01
Postbanken 1)	0,00	0,00	0,00
Skuldmenn	0,00	0,00	0,00
Luter i Dag og Tid	21,00	21,100	21,00
SUM	71 713,56	28 213,01	28 312,01
Passiva			
Kravsmenn	0,00	0,00	0,00
Eigenmidel 1.1.	72 138,21	28 213,01	44 412,26
Årsresultat		43 925,00	- 16 199,25
Eigenmidel 31.12.		72 138,21	28 213,01
SUM		72 138,21	28 213,01

Rekneskapen er ikkje revidert per 1. mars. Vi kjem attende til detaljert resultat på årsmøtet.

Notar:

1 Kontoen i Postbanken er avvikla.

MEDIEMÅLLAGETS ARBEIDSPROGRAM 2013-2014

Styret gjer denne gongen framlegg om eit arbeidsprogram som har færre punkt enn tidlegare. Dette er dei områda vi ønskjer å leggja hovudtyngda av ressursar. Det er naudsynt å prioritera når dette er frivillig arbeid og det laget har knapp økonomi. Men det betyr ikkje at andre aktuelle område ikkje skal få merksemd. Det er sjølvstøtt opp til medlemmer å bidra med aktivitet på område dei har engasjement for.

I år er det ønskeleg å laga tilskipingar som passar med at det er Språkåret 2013 og jubileum for Ivar Aasen og Det Norske Teatret.

I Målpolitiske arbeidsområde

- Nynorsken sin plass i riksavisene og i stoffutvekslingssamarbeid mellom aviser og i vekepressa
- Nynorsk i fagpressa.
- Nynorsken i journalistutdanningane.
- Nynorsk på alle plattformer i NRK og TV2.
- Nynorsk på offentlege nettstader.
- Dei politiske rammevilkåra for nynorsken.

II Organisasjonsutvikling og samarbeid

- Mediemållaget som arena
- Dei nynorske mediedagane
- Laga høvelege tilskipingar for debatt, fag og nettverksbygging.
- Aktivisera fleire medlemmer.
- Rekruttering av nye medlemmer.
- Samarbeid med nærskylde organisasjonar og medieorganisasjonar.
- Mediemållaget er ein del av Noregs Mållag og skal vera ein naturleg premissleverandør og samarbeidspartnar på det medie- og kommunikasjonspolitiske området. Vi vil òg halda fram samarbeidet med Kringkastingsringen og andre innanfor "nynorskfamilien".

Mediemållaget held fram samarbeidet med Kringkastingsringen om møte med leiinga i NRK og TV2.

Andre samarbeidspartnarar

I mange saker er det naturleg å finna relevante samarbeidspartnarar innanfor t.d. medieorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og ulike

verksemdar. Vi vil arbeida vidare med å utvikla samarbeidet med organisasjonar som deltek under Dei nynorske mediedagane.

III Faglege utviklingstiltak og tenester

Kursverksemd
Tilby kurs for journalistikkstudentar og journalistar som vil nytta nynorsk.
Tilby kurs for kommunikasjonsrådgjevarar.

Stipendarbeid

Følgja opp samarbeidet med Mållaget i Kristiansand om stipendet dei gir.
Følgja opp arbeidet med stipendet Kringkastingsringen inviterte til samarbeid om.

Forskning

I lag med samarbeidande organisasjonar inspirera til meir forskning og utgreiingsarbeid på området nynorsk i media og kommunikasjon.

IV Kommunikasjon og PR

Mediemållaget skal vera ein synleg aktør i saker som vedkjem arbeidsområda våre.

- Eksternkommunikasjon
- Nettsidene
- Pressemeldingar, debattinnlegg m.m.
- Fast spalte i Kringom (Kringkastingsringens blad)
- Følgja opp Facebook-gruppa, Twitter, Origo og ev. andre kanalar.
- Internkommunikasjon
- Medlemsbrev

V Ros og heider

- Nynorsk redaktørpris
- Ulike former for støtte og merksemd til både dei som alt er gode til å sleppa nynorsken til og til dei som gjer ein innsats der nynorsken ikkje har hatt ein plass tidlegare.

VI Økonomi

Søkja relevante kjelder om støtte til finansiering av drift, Dei nynorske mediedagane, kurs og andre tilskipingar.

BUDSJETT 2014

SAK 6

I 2008-2011 hadde vi gode røynsler med å søkja om tilskot til Dei nynorske mediedagane. Det finst fleire moglegheiter for å skaffa inntekter til prioriterte aktivitetar. Dette budsjettframlegget er tilpassa den økonomien vi har ved årsskiftet. Vi har om lag 80 000,- kr som fundament.

	Budsjett 2013	Note	Rekneskap 2012
Inntekter			
Medlemspengar	8 540,00	1	7 910,00
Tilskott/sponsorar	5 000,00		0,00
Mediedagane, refusjonar	4 000,00		5 520,00
Kurs	7 500,00	2	0,00
Målgåver			
Renter	250,00		274,00
Anna	1 500,00	3	1 536,35
SUM	26 790,00		15 240,35
Utgifter			
Kontordrift	700,00		135,00
Årsmøte	1 500,00		3 225,00
Styredrift	3 000,00		2 228,00
Prisar og heider	3 000,00	4	0,00
Mediedagane, andre tilskipingar	50 000,00		0,00
Medlemsutvikling	2 000,00		0,00
Kurs	7 500,00	2	0,00
Reise/deltaking	4 000,00		10 175,00
Anna	0,00		0,00
Bankkostnader	100,00		37,00
SUM	71 800,00		15 800,00
RESULTAT	-45 010,00	5	-559,65

Note 1

Medlemspengane kjem etterskotsvis. Dette utgjer kontingentrefusjon for Noregs Mållag for 2012.

Note 2

Kurs vert skipa til om vi kan få det i balanse.

Note 3

Inntekt frå Grasrotandelen.

Note 4

Nynorsk redaktørpris 2012 er flytta til i år.

Note 5

Dette føreset at vi får til tilskipingar i samband med Språkåret 2013/Mediedagane. Eigenkapitalen vi har no kjem av at vi ha fått overføra overskot av løyvingar frå Fritt Ord og Noregs Mållag tidlegare.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Årsmøtet vedtek budsjettet for 2013. Styret søkjer relevante kjelder om løyvingar og reviderer budsjettet i tråd med aktivitets- og økonomiutviklinga.

ÅRSPENGAR 2014

Fram til 2009 hadde lagsdelen av årspengane vore kr. 40,- i mange år. Årsmøtet i 2008 vedtok å auka han til kr 60,-, og i 2010 til 70,- for 2011, det same vart vedteke for 2012. For 2013 vedtok vi kr. 80,- i lagsdel.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Lagsdelen av medlemskontingenten vert kr 80,- for 2014.

INNKOMNE SAKER

Det har ikkje kome framlegg til andre saker. Det er mogleg å koma med framlegg til fråsegner.

SAK 9 | VEDTEKTER

Styret gjer ikkje framlegg om endringar.

Styre for perioden 2013-2014

Valnemnda i Mediemållaget består av

Maghild Folkvord
Vidar Ystad
Geir Rommetveit

FRAMLEGG TIL VEDTAK**Leiar**

Berit Rekve, Folkeuniversitetet - leiar - 1 år
attval
(økonomiansvarleg)

Styremedlemer

Jon Inge Vikan, Adresseavisen - ikkje på val

Grunde Grimstad, Finansavisen - attval 2 år
Andrea Øien Sæverud, Nynorsk Pressekontor -
ny, 1 år.
maria Horvei, Klassekampen, ny, 2 år

Varamedlemmer

1. Jan Fossen, Varingen, attval, 1 år
2. Christian Fredrik Stabell, Os og Fusaposten,
attval, 1 år
3. Anne Lognvik, NRK Telemark, ny, 1 år

Revisor

Sverre Osland - Økonomisjef Bydel Gamle Oslo
- 1 år - attval

Landsmøtedelegatar

Drøftast på årsmøtet.
Vi kan stilla med tre.

Valnemnd for perioden 2013-2014**FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Kjem til årsmøtet.

PROTOKOLL 2012

Stad: Litteraturhuset, Wergelandsveien 29, Oslo.
Tid: laurdag 3. mars 2012, kl. 1300.
Det var fem personar til stades.

Sak 1 Opning

Innkallinga vart godkjend.

Sak 2 Konstituering

Ordstyrar: Ingeborg Volan.

Referent: Vidar Rekve.

To protokollunderskrivarar: Grunde Grimstad og Torill Stavenes.

Sak 3 Årsmelding 2011-2012

Vedtak: Årsmøtet godkjende årsmeldinga.

Sak 4 Rekneskap for 2011

Vedtak: Årsmøtet godkjende rekneskapen.

Grunna utanlandsreise har ikkje revisor hatt høve til å revidera rekneskapen. Årsmøtet gav styret fullmakt til å gjennomføra revisjonen når han er attende, og senda ut revisjonsmeldinga til medlemmene seinare på våren.

Sak 5 Arbeidsprogram for 2012-2013

Vedtak: Årsmøtet vedtok styret sitt framlegg til arbeidsprogram.

Sak 6 Budsjett for 2012

Vedtak: Årsmøtet vedtok styret sitt framlegg til budsjett.

Sak 7 Årspengar for 2013

Vedtak: Årsmøtet vedtok styret sitt framlegg om lagsdel på 80 kroner for 2013.

Sak 8 Innkomne saker

Ingen saker var komne inn til behandling på årsmøtet.

Sak 9 Vedtekter

Ingen framlegg om endringar vart gjorde.

Sak 10 Val

Styre

Leiar

Berit Rekve, Folkeuniversitetet.

(attval, vald for eitt år).

Styremedlemmer

Jon Inge Vikan, Adresseavisen (attval, vald for to år).

Grunde Grimstad, Finansavisen (ikkje på val).

Margunn Sunnfjord, Nynorsk Pressekontor (ikkje på val).

Torill Stavenes, NRK Dagsnytt, journalist (ikkje på val)

Varamedlemmer

1. Ingeborg Volan, Gambit Hill Knowlton (ny, vald for eitt år).

2. Jan Fossen, Varingen (ny, vald for eitt år).

3. Christian Fredrik Stabell, Os og Fusaposten (ny, vald for eitt år).

Revisor

Sverre Osland, økonomisjef Bydel Gamle Oslo (attval, vald for eitt år).

Landsmøtedelegatar

Leiar Berit Rekve

Årsmøtet gav styret fullmakt til å oppnemna vara ved fråfall.

Valnemnd for perioden 2009-2010

1. Magnhild Folkvord, Klassekampen.

2. Vidar Ystad, Dag og Tid.

Årsmøtet gav styret fullmakt til å supplera valnemnda.

Grunde Grimstad

Torill Stavenes